

Meld inn sak til Regionalt planforum

Skjema

Kommunen / annen aktør fyller ut og sender inn skjema sammen med relevante vedlegg.

- Skjema sendes inn senest 14 dager før planforum skal avholdes.
- Skjema sendes til planforum@innlandetfylke.no med kopi til post@innlandetfylke.no.

Se møtedatoer og annen informasjon på innlandetfylke.no/planforum

Vedlegg

- Legg ved kartutsnitt og annen informasjon som kommunen mener er hensiktsmessig for saken, for eksempel bilder, illustrasjoner, utredninger mv.

Fyll ut alle feltene (feltene utvider seg)

Om saken

Navn på saken / saken gjelder	Områderegulering Vågåmo – SYNFARING og orientering om sikringstiltaka, reguleringsplanarbeidet og moglege problemstillingar Hovudformål med planarbeidet er å sikre Vågåmo tettstad mot flaum og flaumskred i Finna – Nugga – Otta. Det er vidare eit mål å innarbeide overordna føringar for sentrumsutvikling med utgangspunkt i Masterplan for Vågåmo. Flaumsikringstiltak skal sjåast i samanheng med stadutviklingstiltak der det ligg til rette for det. Ved utarbeiding av områdereguleringsplanen må også eldre plangrunnlag oppdaterast.
--------------------------------------	--

Om kommunen/annen aktør:


Ønsket dato for møtet Skriv om det er behov for tid utover 1 time (se møtedatoer på innlandetfylke.no/planforum)	29. mai 2024 - Synfaring/orientering Tidsramme kl 13-16. kl 13-14 orientering/dialog inne, kommunestyresalen kl 14-16 synfaring med orientering/dialog undervegs
Navn på kommune/tiltakshaver	Vågå kommune / NVE

Navn/e-postadresse på deltakere fra kommunen/tiltakshaver/konsulenter	Kommunen vil stille med repr. frå aktuelle fagområde, samt repr. frå Norconsult som bistår kommunen i planarbeidet. NVE stiller med prosjektleiar Krisin Hasle Haslestad
--	---

Om planarbeidet:

Navn på planen	Områderegulering for Vågåmo
Bakgrunnen for at planarbeidet er satt i gang	<p>Planarbeidet er utløyst av behovet for sikring av Vågåmo da tettstaden og kommunesenter ligg utsett til for flaum og flaumskred frå elvene Finna, Nugga og Otta.</p> <p>Det er vidare eit mål å innarbeide hovudtrekk frå masterplanarbeid for stadutvikling i Vågåmo. Masterplanen har fått politisk tilslutning som eit grunnlag og ei rettesnor for vidare arbeid med utvikling av Vågåmo.</p> <p>Lenke til masterplan og saksprotokoll: https://www.vaga.kommune.no/tenester/natur-miljo-og-klima/masterplan-vagamo/</p> <p>https://www.vaga.kommune.no/_f/p1/i05191b0f-0e56-4c26-bea1-850ca3604a96/saksprotokoll-masterplan-vagamo_sak-42-2023_22062023_kommunestyret.pdf</p>
Status – hvor langt har planen kommet i prosessen? (varsel om oppstart / under utarbeidelse / offentlig ettersyn / høring / annet)	<p>Reguleringsplan er under utarbeiding.</p> <p>Nokre datoar frå prosessen så langt</p> <ul style="list-style-type: none"> • Orientering om planarbeidet i regionalt planforum før planoppstart: 23.03.2023 • 22. juni 2023: Varsel om oppstart av planarbeid og høyring av planprogram • 26. oktober 2023: Planprogram fastsett av kommunestyret. • Orientering i Regionalt planform 12.12.2023 om aktuelle sikringsløysingar og reguleringsplanarbeidet. • Sak om innskrenking av plangrensa (fikk tilslutning i formannskapet 14.03.2024) og blir framlagt for kommunestyret 23.05.2024). Saksframleggget er vedlagt.
Er forslaget i samsvar med kommuneplan/overordnet plan?	<p>Nei. Dette gjeld særleg for områda der det blir planlagt for sikringstiltak.</p> <p>Det vil også bli nokre justeringar i arealformål.</p> <p>Arbeid med utforming av reguleringsplanforslag pågår.</p>
Kan forslaget være i konflikt med nasjonale	<ul style="list-style-type: none"> • Friområde

og/eller regionale interesser? Hvis JA, hvilke?	<p>Meldt inn behov for å ta i bruk noko areal innafor Dompe frimråde til formål knytt til drifta i Galleri Ullinsvin. Sjå eige utfordringsnotat vedlagt.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Jordvern (flomsikringstiltak og bustader mm) • Tiltak i vassdrag (flomsikringstilak)
Andre forhold/utfordringer av overordnet karakter?	<p>Stadutvikling: tema frå masterplan</p> <ul style="list-style-type: none"> • Høgder i sentrum • Sentrumssone • Mobilitet og redusere barrieverknad Vågåvegen • Utnyttingsgrad m.v.
**) Hvilke konkrete problemstillinger ønsker kommunen/tiltakshaver å ta opp i planforum?	<p>Formålet med å invitere Regionalt planforum til synfaring er særleg å gi instansane moglegheit til å bli kjent i planområdet og med planlagte flomsikringstiltak. Det vil også bli orientert om nokre tema i planarbeidet som ikkje er direkte knytt til flomsikringa. Dette er særleg tema knytt til stadutvikling. Sjå vedlagt notat der det er omtalt nokre tema som kommunen ønsker signal på.</p> <p>Det vil elles, innafor den tidsramma som er til rådighet, bli orientert om planarbeidet og moglege utfordringar ein ser.</p> <p>Dersom det er tema/forhold som instansane ønsker å følgje nærmare opp m.o.t. å gi mest mogleg forutsigbarhet for prosessen, så kan det vere aktuelt å halde eigne møte med kommunen/NVE som oppfølging av regionalt planforum.</p>
Hvilke regionale aktører ønsker kommunen/tiltakshaver at skal delta i planforum?	Oppmodar instansane til å møte da synfaring vil vere nyttig for instansane si seinare behandling av forslag til områdeplan.
Andre ting det er relevant å opplyse om	Planområdet er føreslege innsnevra (jf. vedlagt saksframlegg):



Føreslege ny plangrense er vist med raud stipla line. Opphavleg plangrense ved oppstart er vist med svart stipla line. Forslag til innskrenka plangrense inneber at området i Otta nedstrøms utløpet av Nugga blir teke ut. Formannskapet har gjev si tilslutning, og saka skal opp i kommunestyret 23.mai til endeleg behandling. Saksframlegget er vedlagt.

Planprogrammet la til grunn NVE si moglegheitsstudie og viste til to aktuelle inntakslokasjonar for flomtunnel, men tunnelalternativ med inntak ved Statnett er forkasta pga. utfordrande grunnforhold. Vidare er flomvoll langs Vågåvatnet forkasta pga. utfordingar med permeable massar i grunnen. Oversiktskart som med lokalisering av planlagde sikringstiltak er vedlagt.

Områdereguleringsplanen skal, for sikringstiltaka ha eit detaljeringsnivå som direkte heimlar byggjeløyve og gjennomføring av tiltak utan krav om detaljregulering. Det har vist seg vanskeleg å vidareføre gjeldande reguleringsplanar innafor planområdet. Det ligg pr. nå an til at samlege reguleringsplanar vil bli erstatta av områdeplanen der det er samanfallande planområde.

VEDLEGG:

1. *Agenda for Regionalt planforum i Vågå - orientering/synfaring*
2. *Problemnotat for to utvalde plantema som ikkje er knytt til flomsikring*
3. *Oppdatert oversiktskart med lokalisering av sikringstiltak.*
4. *Saksframlegg: Områderegulering for Vågåmo for flomsikring mot Finna, Nugga og Otta - Innskrenking av planområdet*